


Prosess på tilmelde elevar til nærværteamet



Koding av tilmeldte elevar til NT:

Grøn elev = elev med få utfordringar/tidleg fase. Skriftleg tilbakemelding til partane.

Gul elev = elev med utfordringar/middels fase. Vidare handsaming i NT der eleven og ansvar for saka vert fordelt og følgje opp av medlemmer av teamet alt etter problematikk. Helseutfordring – til helsesøster, faglege utfordringar – til RTO eller PPT osv. Skriftleg tilbakemelding til partane.

Raud elev = elev som har store utfordringar /akutt fase. Haste sak og rask oppfølging. Eleven vert «friskmeldt» eller sluttar. Det skal vere prosess i slutfasen der også OT, NAV og avdelingsleiar er med i fasen til det vert skrive sluttmeldung på eige skjema.

Prosess på tilmelde elevar til nærværteamet

Kontaktlærar nyttar skjema «*Skjema for registrering og oppfølging av elevar*» for å dokumentere prosess ved utfordringar for elevar i klassen.

Kontaktlærar nyttar skjema «*Melding til nærværteam*» når ein elev vert tilmeldt nærværteamet.

Ansvar og saksgang

- Karriære og sosial pedagogisk : normalen er at til melding skal gå gjennom rådgjevar ved Øyrane eller rådgjevar på Mo (karriere, sos.ped, kartlegging og tilrettelegging i fag, fråvær o.a.) eller miljøkoordinator (sosial pedagogisk). Dei vil vurderer utifrå problemstilling, om dette skal takast vidare til andre i tenesta. Det vert gjeve tilbakemelding til kontaktlærar/avdelingsleiar/føresette om kven har saka i elevtenesta.
- Spesial pedagogisk: normalen her at saka skal meldast til rådgjevar for tilpassa opplæring (RTO). Dette gjeld i hovudsak elevar med vedleggskjema 1. RTO samarbeider tett med PPT, slik som resten av elevtenesta gjer. RTO vil vurderer utifrå problemstilling, om dette skal takast vidare til andre i tenesta, t.d. til meldast PPT. Om dette skjer vil tilmeldar få melding om kven har saka i elevtenesta. Dersom eleven allereie er tilmeldt PPT, etter å ha søkt inntak vgs. med vedleggskjema 1, kan problemstillingar om dette takast direkte til PPT – for samtale – vidare vurdering.
- Helse relatert problem: normalen er at dette melder du direkte til helsesøster. Ho samarbeider tett helsestasjonen og elevtenesta ved skulen. Ho vil vurderer utifrå problemstilling, vurdere om dette også skal takast vidare til andre i tenesta. Om dette skjer vil tilmeldar få melding om kven har saka i elevtenesta.
- NAV i skule skal primært jobbe med ungdom frå 15-21 år som står i fare for å falle ut av vidaregående opplæring, og ungdom som står utanfor vidaregående skule og arbeidsliv. Føremålet er å integrere ungdom i arbeidslivet. Det kan vere ulike problemstillingar som gjer skulegang vanskeleg for ungdommen. Ein ønskjer derfor at elevar med slike problemstillingar vert drøfta på førehand eller meldt inn her. Ho vil vurderer utifrå problemstilling, om dette skal sendast vidare til andre i tenesta. Om dette skjer vil du få melding om kven har saka i elevtenesta.
- Nærvær team: Skal i hovudsak arbeide med fråfall, fråvær og elever psykiske helse. Tilby samtale og retteleiting til elevar og tilsette på eigen skule. Det er lokalisert eige kontor for nærvær teamet sine medlemmer. Normalen er at kontakt skal meldast til rådgjevar og/eller miljøkoordinator. Vi ønskjer også å kunne ta imot elevar og tilsette for begynnande avklarande samtaler. Vi vil vurderer utifrå problemstilling, om dette skal sendast vidare til andre i elevtenesta/teamet. Om dette skjer vil du få melding om kven har saka i elevtenesta/teamet, eller andre hjelpeinstansar.

Samla elevteneste/nærværteam skal ha ein hjelpefunksjon og støttefunksjon for elevar og kontaktlærar. Målet er at elevane skal vere i stand til å kunne og ville fullføre vidaregående opplæring.

Prosess på tilmelde elevar til nærværteamet

Arbeid i nærværteamet skal førebygga fråfall i vidaregåande opplæring og har særskilt fokus på:

1. Overgangsarbeid. Møter med grunnskulane (9/10 trinn)

- a) Nærværteamet gjev informasjon til elevar, føresette og elevar om moglegheiter i vgo. og alternative vegar i opplæringa (lærekandidat osv.). Moglegheiter til høgare utdanning.
- b) Gjennomfører overgangsmøter frå grunnskule til vidaregåande skule der ein kan legge ein konkret karriereplan.
- c) Samarbeid med skulehelsetenesta i grunnskulen der elevar mottar helseoppfølging.
- d) Opplysing om fråvær og skuleresultat frå grunnskulen

2. Tidleg intervension

- a) Presentasjon for vg1 elevar ved skulestart. Kven er me, kvar er me og kva kan me hjelpe til med.
- b) Tett på elevar med utfordringar. Kontaktlærar nyttar eige skjema for registrering og oppfølging av elevar. Slik sikrar ein dokumentert oppfølging.
- c) Gje tidleg og god (koordinert) oppfølging – tilrettelagte tiltak.